NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Plog og ard. Fylke: Sogn og Fjord

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kyrkjebø

Emne: Plog og ard Bygdelag: Höyanger

Oppskr. av: S. Dale Gard: Dale

(adresse): Höyanger G.nr. 62 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1-2 Både plog og ard har vore brukte i bygda. Arden vart brukt helst der det var lett jord, grunnlendt og bakkut. No veit eg ikkje av at han

3. er brukt her i heradet. Men i indre Sogn brukar dei arden både til å rista upp fåra når dei set poteter og til å mylda attpå dei. Men åkeren vert fyrst plögd med vanleg plog. Eg har ikkje set arden i bruk. Men etter det eg har höyrt vart arden bruka både til plog (til å logsa jorda) og til å setja og hyppa poteter. Um han var brukt til å mylda ned kornet med veit eg ikkje. Eg höyrde då eg var gutungen at dei på sume bruk „såkakka", bruka grev eller „pikke" til å hakka kornet ned i molda med. Men myldeviva (Mildeviva) er ein gamal reidskap som vart brukt til slikt før horvi var teki i bruk her i heradet. Sovidt eg veit skil folk vanleg mellom ard og hyppeplog. Her er som sagt arden ikkje brukt lenger.

4. Den arden som var brukt her og mest vanleg i bruk er helst laga av [illegible]

1416

og liknar mest nr. 2 eller 3 med og
utan veltefjøl skulde vera. Var mest
laga av ei furukörea

5 Skyrdreim (drettel) var den typen som
mest fig 1. 2. og 4. har gikkji ut. Her var det
vanleg å bruka slekt plogdrette som på
uttel [illegible] medlagt her

6. Ingen upplysningar. skyrdreim til ard og
plog heiter drette. Skjerel-heite Vangsa

7. Ingen upplysningar

8. Sume bruka å ha ut slag veltefjøler
for å få breidare for er det sagt meg.

9. Ingen upplysning

10. Ingen upplysning

11. Ingen upplysning.

12 —"— —"—

Dei vanlege ard. fig 2 og 3 som var sjölv vaksne vart laga av bonden sjölv

13. No vart det bruka berre fabrikkplogar

Overgangen frå heimegjorde treplogar til
stål eller jarnplogar var frå 1890 år og
utover. Dei heimegjorde treplogane var laga
av bonden sjölv til vanleg. Han gjorde[og] ofta
bode til smed og til tres. Når dei tok til
å bruka veltefjöler av jarn, laut dei
vanleg få ein smed til å laga dei og
setja dei på plogen. Av dei smidde og
lettaste slaget kosta mellom 50-75 kr.

14. Typen fig. 8 liknar mykji på dei
plogane som var bruka her. Men det
var inkji alle som bruka ristel.
Vanleg vart han kalla grindplog.

Veltefjöla var av tre og flat utan
jarnbeslag. Plogkaren hadde gjort med

1416

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

spade eller grev „pikar" til å skrapa moldi av fjølom. Dei var festa til i med jarnlykkjor. Dei hadde jamnleg 2 veltefjøler so dei pløgde båe vegar både fram og attende.

17 Nokon slik kross nemnest ikkje og såg. Det var heller ikkje tenkande

18. Det var vanleg at treplogane var laga so at ein kunde bruka dei for båe hender. Med ein krok som var fest i l festa ein i ei lykkja burt i veltefjøla og regulerte plogen som ein vilde ha han anten for høgre eller venstre hand.

19. Ein kom ofstundom djupare enn 8-12 tumar på gamal åker fyr ein raka på stein. Det var ofte vanskeleg til å få plogen so djupt og der åkeren var grunnlendt. Når åkeren var hard eller plogen stogga på steina laut plogkaren jamnast setja foten på plogåsen for å få plogen ned i og fylgja plogen hoppande på ein fot lange stykke. Det var vanleg at plogen tok med seg stein som „skolna" upp kvart år.

20 Nei det var ikkje ristar på dei vanlege plogane

21. Ingi upplysning.

22. Nokon anna sleda til å køyra plogen på vegane g ikkje. Dei tok gjerne plogen på herdi og jaga hesten med dretten fyre seg. På åkeren og flat veg la dei plogen på sida utan noko sleda

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1416

ündeslag

22 Inge üpplysing.

23 Ein smed her i heradet laga plogar med 2 veltefjöler av jarnplater som var vridde slik, at dei vilte molda på seg. Den plogen var det fleire som kjöpte og han avlöyste plogen med veltefjöler av tre so han vart rekna for å vera ein god plog

Ard uttala Ar med lang a. Her sa me alltid plogåsen

Tillegg til 19.

Nokon slepsko eller stillbar hjul hadde ein ikkje, det eg kan minnast. Kor djupt plogen skulde gå regulerte ein med plogåsen (sjå rit. av plogstyret) grindi. Den fremste loddrette standaren e som var festa i solen gjekk gjenom ei opning i plogåsen og nagla fast med den. Den bakaste som og var festa i solen hadde ein avlang opning O som sporen av åsen gjekk gjenom. Den var so romsleg at åsen kunde vippa upp og ned eller som plogen gjekk djupt eller grunt.

Namni på dei einskilde dele av plogen her eg ikkje greide på utan üm dei eg her nemnt.

Heibergs museet i Amble „ Dei Heibergske samlingar" har ein bra samling av gamle jordbruksreiskapar. Her vil ein venteleg finna namni på alle delar.

1416

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tillegg til 15.

Spaden var av tre vanleg bjørk med ein stål eller jarnskua

Korkje spaden eller hakka vart festa til plogen. Men stad på åkeren der plogkoma henta dei nå det trengtest

Upplysningane um at spaden er brukt til setjing av potetor i Indre Sogn har eg fenge frå gartnar Sigm. Halsen.

I heimen hans Valaberg, Sogndal er spaden brukt og dei vil bruka han. Han gjer like godt arbeid som dei nye moldkopar av stål som no vert bruka dei fleste stader.

S. D.

1416
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6







1416
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7




1416

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING